

---

**Til:** Hovudarbeidsmiljøutvalet

---

**Frå:** Sentralt AKAN-utval

---

**Referanse**  
2014/193-4**Dato**  
14.02.2014

## Årsmelding 2013 frå sentralt AKAN-utval

Det sentrale AKAN-utvalet har i 2013 bestått av:

Birte Markeseth Aasen	leiar/arbeidsgivarrepresentant
Helene Systad	arbeidsgivarrepresentant
Rune Stadsnes	tillitsvaldrepresentant
Mariann G. Leganger	tillitsvaldrepresentant
Jorunn Bakke Johannessen	fylkeshovudverneombod
Øystein Brungot	AKAN-koordinator, HMT-seksjonen
Frode Mannsåker	sekretær, Personalseksjonen

Utvalet har hatt to møte i 2013 (3. april og 1. november). Hovudsaker i møta har vore:

- AKAN i Eigenkontrollen 2012
- AKAN-kurs og AKAN-opplæring for leiarar

Samling for AKAN-kontaktar vart halde 23. januar, med 28 deltakarar. Tema var avhengnad, med eksterne innleiarar frå Universitetet i Bergen (Rune Mentzoni) og Bergensklinikkane (Arvid Skutle).

Det årlege AKAN-kurset vart gjennomført 22. oktober, med 12 deltakarar – både AKAN-kontaktar, leiarar og medlem av AKAN-utvalet. Ekstern innleiar var som vanleg Jarle Wangen frå AKAN kompetansesenter i Oslo.

Etter vedtak i HAMU vart spørsmål om AKAN-arbeidet teke inn i Eigenkontrollen for 2012. Rapporten frå denne eigenkontrollen, som hadde 60 respondentar, seier følgjande:  
Retningslinene for AKAN-arbeid i Hordaland fylkeskommune har til føremål å ivareta tryggleik, å sikre kvalitet og fagleg standard og å oppretthalde eit rusfritt og godt arbeidsmiljø.

(Spørsmål) 12. Er leiarar og tilsette i avdelinga/eininga kjend med dokumentet «Retningsliner for AKAN-arbeid» i Kvalitetssystemet?

Resultat: Ja, leiarane er kjent med retningslinene: 34  
Ja, både leiarane og tilsette er kjent med retningslinene: 12  
Nei, få er kjent med retningslinene: 10  
Veit ikkje: 2  
Ikkje svart: 2

Kommentar: Svara gir grunn til å vurdere betre informasjon om AKAN-retningslinene. Det er naturleg at det sentrale AKAN-utvalet ser på moglege tiltak.

AKAN-utvalet merka seg at til saman 46 respondentar (77%) meinte at leiarane er kjent med AKAN-retningslinene. Utvalet har også merka seg at relativt få leiarar så langt har prioritert å delta på det årlege AKAN-kurset i HFK. Det er samstundes rett å vise til at AKAN vert gjennomgått i grunnkurs i arbeidsmiljøarbeid som vert arrangert av HMT-seksjonen. Her har 26 leiarar gjennomført opplæring i 2013. Likevel ønskjer AKAN-utvalet at informasjon og opplæring omkring rus og avhengnad vert styrka. Utvalet stiller seg til disposisjon til slik opplæring.

Framlegg om reformulering av AKAN-punktet i personalreglementet vart handsama og oversendt personalseksjonen i 2012. Mellom anna vart det tatt inn at også pengespelavhengnad inngår i AKAN-området. AKAN-utvalet har merka seg at det gamle personalreglementet frå 25.09.2009 framleis er gjeldande, og etterlyser ei ferdigstilling av nytt personalreglemenet slik det vart varsla i informasjons- og drøftingsmøte i 2012.

Talet på individuelle AKAN-saker i HFK er framleis svært lågt (3 saker i 2013). I tillegg har det kome ca 10 førespurnader til HMT-seksjonen vedr. rusproblem. Ut frå generell statistikk (100 000 stordrikkarar i Noreg, eller ca 2,5% av alle vaksne) er det grunn til å tru at ein del problem med rus og avhengnad blant dei tilsette i HFK ikkje vert avdekket. Det vert her vist til behovet for betre leiaropplæring.

Handlingsplanen for AKAN-arbeidet i 2013 er i hovudsak følgt opp. Status for tiltaka er markert i planen, som følgjer som vedlegg til årsmeldinga. Ny handlingsplan for 2014 ligg ved til informasjon.

Vedlegg:           Handlingsplan for 2013, ajourført pr. 31.12.2013  
                      Handlingsplan for 2014